

RAPPORT

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og er faglig rådgiver for Klima- og miljødepartementet i utviklingen av den statlige kulturminnepolitikken.

Riksantikvaren har også ansvar for at den statlige kulturminnepolitikken blir gjennomført og har i denne sammenheng et overordnet faglig ansvar for fylkeskommunenes og Sametingets arbeid med kulturminner, kulturmiljøer og landskap.





Tittel:
**Kulturhistoriske landskap av
nasjonal interesse i Hordaland**

© Riksantikvaren 2016
www.ra.no

ISBN 978-82-75-74115-6 (Pdf)

Design: Riksantikvaren

Bilete på framsida:

Den Indre Farleia går gjennom eit landskap med særleg stort kulturhistorisk verdi. Her gammal slåttemark på Lygra.
Foto: Ann Steindal, Hordaland fylkeskommune.

Dei to terrassane i Eidfjord, Hæreid og Lægreid. Hæreidterrassen til venstre, er særskilt rik på gravminne frå dei same periodane ein dreiv jernutvinning i dalføra opp mot fjellet. Foto: Hardangervidda naturvernsenter.



I Etne finst gravhaugar spredt i eit jordbrukslandskap med to dominerande terrasser og stor tidsdjupne. Foto: Elizabeth Warren, Hordaland fylkeskommune

Innhald

Føreord	4
I. Hordaland – landskap og kulturhistorie	5
II. Omtale av dei einskilde landskapa	9
Den Indre Farleia	9
Byfjellene	12
Fitjarøyane	15
Søre Bømlo – Hespriholmen	18
Etne	21
Rosendal	24
Indre Sørfjorden	27
Ytre Sørfjorden	30
Eidford	33

Føreord

Landskap er ein heilskap av naturgitte og menneskeskapte tilhøve og samspelet mellom dei. Landskap vil alltid vere i endring. Alle landskap har ein historisk dimensjon som viser seg som fysiske kulturminne, strukturar og kulturmiljø eller gjennom kunn-skap, erfaringar og hendingar nedfelt i forteljingar og tradisjonsbasert bruk.

Den europeiske landskapskonvensjonen, som Noreg har sluttet seg til, legg vekt på at landskapet er ein felles ressurs som må sikrast gjennom målretta planlegging, forvalting og vern. Til dette trengs det m.a. oversyn over landskapsverdiane. Konvensjonen oppmodar difor til å kartlegge og prioritere landskap. Kulturminneforvaltinga har eit særleg ansvar for å halde oversyn over kulturhistorisk verdifulle landskap.

Riksantikvaren starta difor i 2013 eit forprosjekt for å etablere eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Dette er eit oppdrag frå Klima- og miljødepartementet, og arbeidet vil verte vidareført i heile landet. Fylkeskommunen og Riksantikvaren har samarbeidd om å velje ut kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland. Riksantikvaren står ansvarleg for resultatet. Framlegg til landskap har vore på høyring hjå kommunane og regionale styresmakter.

Registeret over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse skal bidra til ei god forvalting av landskap. Det skal vere eit kunn-skapsgrunnlag og eit forvaltingsverktøy for kommunane og andre styresmakter som påverkar og styrer arealutviklinga. Riksantikvaren vil med registeret gjere klart kva landskap det knyter seg nasjonale interesser til, kva desse er og korleis dei bør ivaretakast. Føremålet er at kulturminneforvaltinga med dette seier frå tidleg og tydeleg kva som er av nasjonal interesse og slik bidreg til ei meir føreseeleg arealplanlegging og forvalting av desse landskapa.

Riksantikvaren ber kommunane om å ta i bruk eigne verkemidlar for å ivareta verdiane i dei kulturhistoriske landskapa. Her er planlegging etter plan- og bygningslova viktigast. Vi oppmodar kommunane om å synleggjere og ivareta landskapsverdiane i arealplanane sine og å ta omsyn til desse verdiane når område skal utviklast. Eit hovudtiltak er at landskapa vert avsett som omsynssone c) i kommuneplanens arealdel med retningsliner og at generelle føresegner til kommuneplanen vert nytta.

Kulturminneforvaltinga i fylkeskommunen vil legge registeret til grunn i sine innspel og sin dialog med kommunane og andre styresmakter i planprosessar.

I denne rapporten vert dei ni landskapa som er valde ut i Hordaland presentert med kart og ei kort skildring, landskapskarakter og grunngjeving for kvifor områda har nasjonal kulturhistorisk interesse. Det vert òg gjeve omtale av sårbarheit og retningsliner om forvalting. Ei kort innleiing om landskap og kulturhistorie i Hordaland gjev bakgrunn for omtalen av dei einskilde landskapa.

Rapporten er tilgjengeleg på Riksantikvarens nettside www.ra.no, og områda vil bli lagde inn i Riksantikvarens kulturminnedatabase [Askeladden](#).



Jørn Holme
riksantikvar

I. HORDALAND – LANDSKAP OG KULTURHISTORIE

Namnet Hordaland er kjend frå skriftlege kjelder frå om lag 800 e.Kr. Namnet viste då til dei ytre strøka, Sunnhordland og Nordhordland. Samstundes vaks det fram ei førestilling om Hordafylket som femna om dagens Hordaland og Gulen til Dingjaneset. I mellomalderen var Hordaland delt i fire fjordungar som var rettskrinsar under fylkestinget – Nordhordland, Sunnhordland, Voss og Hardanger. Delinga er geografisk, men peikar på kulturelle skilnader som dels har halde seg fram til vår tid. Sunnhordland og Hardanger var sete for mange av adels-slektene på Vestlandet, på Voss finn ein eit høgt tal sjølveigande storbønder, medan det i Nordhordland er mange små bruk og mykje felleseige.

I tidlig steinalder er det ved rike straumar og sund i ytre strøk, som Fosnstraumen og Vindenes, vi finn dei fyrste busetnadane om lag 9000 f.Kr. Steinalderfolket breidde seg vidt omkring der isen før og fann mellom 7000 og 7500 f.Kr. vegen til jakt- og fiskeressursane i fjellet og på Hardangervidda.

Jordbrukskulturen kom til Hordaland om lag 3000 f.Kr., tidlegast i ytre strøk, som ved Straume på Radøy. Klimaet her var mildt og det var truleg eit svedjejordbruk med llyngheder og utegangarsau som breidde seg. I ytre strøk har fisket heilt fram til vår tid knytt busetnad til sjøen, men jordbrukskulturen og endringar i klimaet gjorde at ein lenger aust fekk eit anna næringsgrunnlag. Gardane i midtre og indre strøk, som i Kvam og Ullensvang,

har i staden større innmark og stølar med jakt- og fiskerettar i fjellet som ein viktig del av gardsdrifta. Enkelte stader i indre strøk, som Eidfjord, kunne jakta i fjellet kaste like mykje av seg som gardsdrifta. Her er òg mektige vitnesbyrd om rikdom frå jernvinneområde som er mellom dei største og tidlegaste i landet.

Farleia nord-sør og fjordarmane som tek ein frå vest til aust, har vore dei fremste ferdselsvegane i fylket i uminnelege tider. Knutepunkt vaks fram på stader der vegar møtte fjorden, som Eidfjord og Odda. Langs dei meir sentrale ferdselsvegane har det blitt etablert ulike maktsete. Hundretals gravrøyser som viser veg langs fjordane og leia kan vitne om ferdssel, makt og tilhørsle. I jernalderen trer det i ytre strøk fram gardar som etterkvart vart kongsgardar – på Fitjar, Lygra, Alrekstad og Seim. Kongar veksle i lang tid bustad mellom desse stadane.

I sagalitteraturen heiter det at Hordaland var midt i landet. Dette vitnar om ei sjovend organisering og forståing av landskapet som sto seg fram til Bergensbanen sto ferdig i 1909. I heile denne perioden var det like kort veg til hamner i Nord-Atlanteren som til Austlandet, og det er talande at sagalitteraturen skildrar vegen til Amerika frå Hernar i Øygarden. Hordaland har hatt nære band til områda rundt nordsjøbassengen, og høyrer heime i eit nord-atlantisk kulturfellesskap som deler historie og materiell kulturarv som llyngheder, samanbygde hus og grindverksbygging.



Rosendal har lenge vore ein sentral møtestad, midtveis i Hardangerfjorden. Skålakyrkja er frå andre halvdel av 1200-talet og var fjordungskyrkje.
Foto: Lars Øyvind Birknes, Hordaland fylkeskommune.

Strategisk plassert ved leia, mellom to lange fjordar og tett ved utfartshammene vestover, vaks handelstaden Bergen fram på 1000-talet. Då måtte hamna flyttast frå den eldre kongsgarden Alrekstad til Vågen. Tørrfiskhandelen gjorde byen til ein av dei største i Norden i mellomalderen, og den var ei viktig importhamn for korn. Bergen var den største byen i landet fram til 1833.

I historisk tid vart sentrale samfunnsfunksjonar plassert ved leia og på viktige stader ved ferdsselsvegane. Dei fekk framståande posisjonar i landskapa, gjerne der det alt var samlande funksjonar frå før. Kyrkjer, prestegardar, handelsstader og embetsmannsgardar prega landskapet i bygdene dei vart lagde i. Bergen har gjennom desse strukturane formidla kulturelle impulsar frå Europa til distrikta i Hordaland og elles på Vestlandet. I hundreåra etter reformasjonen vart etterkvart embetsmannsgardar, gjestgjevar- og handelsstader liggjande som små øyer av bykultur og bergensk byggeskikk i bygdene.

Oppfinninga av oppgangssaga og stor etterspurnad etter trevirke på dei britiske øyar gjorde at mykje av dei gamle skogane i Hordaland vart hogde. I Sunnhordland og Hardanger, der dei hadde oppgangssag og utskipingskai, var det stor handel med Skottland frå 1500-talet til 1753, då tollstasjonen i Eldøyvågen vart lagt ned. Fyrst etter den andre verdskrigen og dei store skogplantingskampanjane breidde skogen seg i Hordaland igjen, no med mykje gran. I vår tid er landskapet òg mange stader prega av attgroing.

Strenge vintrar og storstilt gruvedrift austpå auka talet på faren over Hardangervidda på 16- og 1700-talet. Driftekavar kjøpte ungdyr i vest og tok dei til beitene på Hardangervidda. Frå Hardanger vart det ført store dyreflokkar og talg til Kongsvinger. Skreppekarar selde ulike varer til folk i bygdene vestpå. Slepene over Hardangervidda, felæger og beitevollar er minne om denne trafikken. Slepene tok ein også til marknadsstadar i fjellet der folk frå aust og vest gjorde handel. I det særlege pilegrimsrådet Røldal var marknaden samanfallande med katolsk høgtidsfeiring heilt fram til 1830-talet.

Dei reisande har i lang tid vore ein del av dagleglivet langs kysten i Hordaland, der folk reiste og budde i båt. Dei reiste frå stad til stad og utførte spesialiserte handverk og vøling. Det er hevda at desse båtreisande var den største nomadiske gruppa på sjø i Nord-Europa. Dei hadde truleg eit godt hopehav med dei fastbuande, men levesettet forsvann etter kvart, m.a. som følgje av statleg politikk. Korreksjonsinstitusjonar, som barneheimen på Askviknes, bidrog til tvangsassimilering av folkegruppa. Vi har få spor etter leveviset deira i dag.

Utover 1800-talet fekk landskapet ein framståande plass i den gryande nasjonale sjølvkjensla. Med Bergen som innfallsport for framståande kunstnarar vart det skapt ei nasjonalromantisk framstilling som skildra eit skjønt landskap med fjell og fjord, og folka som budde i det. Særleg var Hardanger eit viktig reisemål og motiv for tilreisande kunstnarar og turistar frå heile Europa.



Eit tradisjonelt jordbrukslandskap frå dei ytre stroka. Her finn vi eit småskala landskap med mykje stein, eit problem, men òg nyttig som byggemateriale.
Foto: Ann Steindal, Hordaland fylkeskommune.



Tyssedal er både eit stort kraftverk og eit lite samfunn for seg sjølv ut fjorden frå Odda. Biletet syner godt dramatikken og kraftressursen i landskapet. Foto: Birger Lindstad, Riksantikvaren.


Den industrielle revolusjonen prega samstundes Hordaland i ei ny retning utover på 1800-talet. Langs fjordar og sjø er det mange gunstige stader med god hamn og tilgang til vassdrag der industristader kunne etablerast, som Ytre Arna og Alvøen. Heile samfunn vart bygd på slike stader. Idear og kapital frå utlandet, elektrisk kraft og nyvinningar innan samferdsel forsterka utviklinga etter 1900, og industrisamfunn frå denne tida, som Odda og Tyssedal, pregar heile landskapsbiletet. Den nyaste industriutviklinga etter at olje og gass vart funne i Nordsjøen har påverka særleg dei ytre bygdene og skapt nye land-

skap rundt anlegg som Mongstad og Kollsnes. I tillegg har det utvikla seg ei ny form for mangesysleri, ikkje minst koplinga nordsjørbeidar og småbrukar.

Folk flytta i nyare tid frå bygdene til byar og tettstader, og samferdselstekniske nyvinningar på 1900-talet flytta gradvis samanhengane mellom dei menneskapte strukturane i landskapet frå sjø til land. Bergensbanen, bilvegar og flyplassar dreiv fram eit systematisk skifte i bustadmønster, samhandling og stadbygging.



Omfattande brubygging representerer utvikling og omvelting i fylket med overgang frå ferdsel til sjøs og til ferdsel til lands. Her frå øyriket Austevoll. Foto: Inge Døskeland



Kulturhistoriske landskap av nasjonale interesse - Hordaland

Avgrensing av områda

0 10 20 30 40 50 Kilometer



II. OMTALE AV DEI EINSKILDE LANDSKAPA

DEN INDRE FARLEIA

Fiskarbondelandskap, llynghesi og farlei

Plassering

Kommunar: Austrheim, Lindås og Radøy

Areal: 196 km²

Området ligg i landskapsregionane 20) Kystbygdene på Vestlandet og 21) Ytre fjordbygder på Vestlandet


Skildring

I enden av den geologiske formasjonen Bergensbogen ligg eit langstrakt landskap som strekkjer seg mot nordvest. Det er rivna i talrike låge landtunger og øyar. Området strekkjer seg frå Alversund til Kjelstraumen, og frå Hundvin i Lindås til nordvest om Mjøs på Radøy. Her er mildt kystklima og vekslande vilkår på land, frå skrint jordsmonn til større avsetningar av fruktbar, sjølv-drenerande jord. I sjøen er det rike og sterke straumar. Ei heilårsopen farlei fører frå Alverstraumen, gjennom den vidare Lurefjorden og ut Kjelstraumen i Austrheim.

Dei rike saltvasstraumane har gjeve grunnlag for meir permanent busetnad i steinalderen, og her byrja ein tidleg med jordbruk. Den rike funnstaden Fosnstraumen nord om Mjøs, der bruva i dag forbind Radøy og Fosnøya, er mellom dei mest framståande døma på tidleg permanent busetnad i landet. På Straume, like ved, er det funne om lag 4500 år gamle pollen av korn som vitnar om bufast kombinasjonsbruk av jordbruk og fiske.

Eit kultivert llynghelandskap har breidd seg over mykje av området, særleg i utmarkene i ytre strøk der det er mykje skrinn jord. Llynghesiene på Lygra er eit markant landskapselement med stor tidsdjupne og representerer eit av dei tre nasjonale referanseområda for llynghelandskap. Landskapet er framleis prega av lite trevekst i ytre strøk og har store myrer der ein har henta brensel. Det skogfattige landskapet er eit av kjerneområda for samanbygde hus og for bruk av stein som byggemateriale til gardflorar, løer og steingjerde. Slik fortel landskapet også om eit kulturfellesskap kring Nordsjøen. Dei mange små bruka som pregar landskapet i dag, har eigedomssstruktur frå tida etter jordskiftet, men fiskarbonden har fram til våre dagar hatt det same kombinerte livsgrunnlaget som dei som slo seg ned på Straume.

Ressursrikdom i området er spegla i stadnamn som Njøten og Hundvin. Og har gjeve grunnlag for viktige maktstrukturar. Gravrøyser ved farleia vitnar om stor-folk i området i forhistorisk tid. Rike funn knytt til dei sjøvdrenerande dyrkingsfelta på Lygra og Seim står opp om at sagamaterialet seier dei var kongsgardar. Seim, der Håkon den gode etter tradisjonen skal vere gravlagt, ligg midtvegs mellom dei tronge innløpa til farleia. Her har vore uvanleg mange bautasteinar, og enno står ein i kvar ende av den gamle innmarka i bygda. Bøkeskogen på Vollom er den nordlegaste i verda og frå vikingtida, og vitnar om eit handelsnettverk til kontinentet.



Llynghelandskapet på Lygra er framståande i nasjonal samanheng. Llynghesi var tidlegare utbreidd i heile det låge, langstreckte området.
Foto: Elizabeth Warren, Hordaland fylkeskommune.

Etter landssamlinga vart maktstrukturane i Nordhordland oppløyste. Mykje eigedom i området vart lagt under krona, kyrkja og klostra frå 1100-talet av. Kyrkjestadene Alversund, ved Alverstraumen, Seim og Lygra dominerte frå no av utsynet frå leia. På Lindås ligg ruinen til ein av to kjende steinkyrkjer i Nordhordland. Truleg er den frå 1100-talet.

Stadnamnet Festo midtvegs i leia vitnar om ferdseLEN som har vore her. Handels- og overnattingsstader for langvegsfarande var det i Alverstraumen, i Kjelstraumen og på Bruknappen. Også «Kipestrilen» som heldt til i området brukte leia for å kome til Bergen med varer. Ved ventestader langs dei sterke straumane er det boltar og ringar som fortel om korleis ferdseLEN gjekk føre seg før motorane kom. Seinare vart dampskipaiene knutepunkt og post-, gjestgjevar- og handelstader. Lindåsslusene er eit særmerkt kulturminne frå denne tida.

Landskapskarakter

Landskapet ligg innaskjers og er lågt og langstrakt. Det er rivna i talrike landtunger og øyer, der fjordar, strumar og sund skil og bind saman. Landskapet fortel om overgangen frå dei fyrste faste bustadene med fangst og fiske som leveveg, til eit kombinert næringsgrunnlag av fiske og jordbruk i det milde kystklimaet, heilt fram til vår tid. Lyngheilandskapet på Lygra er eit markant element. Landskapet er prega av lite trevekst i ytre strøk, og store myrer. Kongsgarden på Seim ligg strategisk til, midtveges mellom innløpa til farleia. Her er bautasteinar, og bøkeskog frå vikingtid som fortel om handel med


kontinentet. I dette landskapet går Den Indre Farleia, frå Alversund til Kjelstraumen. Leia har små og middels store landskapsrom og passerer mange kulturminne knytt til denne viktige, heilårsopne ferdelsåra.

Nasjonal interesse


Permanent busettning og framvekst av eit kombinert næringsgrunnlag av fiske og jordbruk har stor tidsdjupne og ein kontinuitet i landskapet. Lyngheilandskapet på Lygra er sjeldant og framståande i nasjonal og internasjonal samanheng. Landskapet er eit av dei nasjonale kjerneområda for samanbygde hus og for bruk av stein som byggjemateriale, som plasserer landskapet i eit kulturelt felleskap med andre område kring Nordsjøen. I dette landskapet ligg den strategisk viktige indre farleia. Den har mange kulturminne knytt til seg med stor tidsdjupne og høg opplevingsverdi. Her er mange gravrøyser som syner om maktstrukturar i forhistoria. Kongsgarden på Seim vitnar om kor viktig Den Indre Farleia var i vikingtid og kva rolle den spelte i noregshistoria.

Sårbarheit og retningsliner for forvalting

Landskapet er sårbart for treplanting og attgroing, brukonstruksjonar over leia og høge konstruksjonar. Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med generelle føresegner og retningsliner som formulerer målsettinga for forvaltinga av området og rammer for bruken av det.



Gjennom dei mange sunda i det langstrekte landskapet er det sterke straumar som har vore premissgjevande for fast busettning sidan steinalder og for ferdsla i farleia fram til moderne tid. Lindåsslusene vart bygd i 1908 og er ein av 2 bevarte sjøslusar i landet. Foto: Inge Døskeland.



Den Indre Farleia

Avgrensing av området

0 2 4 6 Kilometer



BYFJELLENE

Bynært rekreasjonslandskap

Plassering

Bergen kommune.

Areal: 10 km²

Området ligg i landskapsregion 21 Ytre fjordbygder på Vestlandet.

Skildring

Landskapet strekkjer seg frå Vetrlidsalmenningen i vest til Blåmannen og Rundemannen i aust og frå Sandviksfjellet i nord til Svartediket i sør.

Landskapet er i vesentleg grad omforma frå eit snaubeita lågfjellslandskap til eit skogkledt rekreasjonslandskap. Dei omfattande formingsgrepa vart sett i verk av leiande folk i byen som gjennom foreiningane «Bergens skog- og træplantingsselskap» og «Ølklubben» realiserte eit ambisiøst filantropisk prosjekt i Byfjellene i dei siste tiåra av 1800-talet. Argumenta var forankra i natursvermeri og folkehelse. Dei viktigaste verkemidla var skogplanting og bygging av turvegar i dei store, bynære utmarkseigedomane som planmessig vart tileigna prosjektet i tiåra etter stiftinga. Det kom forbod mot sau og geit i Byfjellene i 1878.

Landskapet er i dag meir prega av planting i bynære delar, medan dei fjerne og høgre delane ved Blåmannen og Rundemannen har eit snauare høgfjellspreng. Det er varierte plantefelt med eit inntrykk av park over mykje av det bynære landskapet. Store deler av dette området er skogkledt, og nokre av dei største trea i landet skal stå i Byfjellene. Plantinga er tilpassa terrenget og jordsmonnet. Heimehøyrande vegetasjon står jamsides eksotiske artar.

Frå byen er det anlagt turvegar inn i det opparbeida skoglandskapet, frå Fjellveien, Vetrlidsalmenning, Forskjønnelsen, Svartediket og Sandviken som alle er innfallsportar til dette landskapet. Det samla systemet av turvegar er omfattande og har ei utstrekning på 25 km. Her er òg murar og steinstrukturar av imponerande storleik. Ut i frå hovudvegsystema går det stiar over heile fjellet. I dag er fleire av vegane og stiane supplerte med lys, benkar og tilrettelagde rekreasjonslokaltetar. Vegane leier til fokuspunkt i landskapet, som hytter på fjelltoppane, utsiktpunkt, vatn med utbygde rasteplassar, lagshytter, idrettsplassen Skansemyren og kulturminne av ulik art. Opplevinga i landskapet varierer mellom små, intime landskapsrom og storslegne utsyn med vid horisont, ofte ved bratte skrentar. Den elektriske kabelbana Fløibanen vart opna i 1918, og er blikkfang saman med Øvre stasjon og Fløyen Folkerestaurant.



Det øvre borgarskapet i Bergen tok initiativet til treplanting og parkanlegg i Byfjellene, men alle samfunnslag promenerte i Fløysvingane i 1901.
Foto: Spesialsamlingane ved Universitetsbiblioteket i Bergen, Gustav Brosing.

Landskapskaraktär

Byfjellene i Bergen er eit bynært rekreasjonslandskap der eit tidlegare snaut utmarks-, myr- og beitelandskap sidan 1868 er omforma til eit skogkledt parklandskap ved planlagt skogplanting, utstrakt vegbygging og anna tilrettelegging for rekreativ ferdsel utanom bysentrum. Plantinga er variert og tilpassa terreng og jordsmønn, med heimehøyrande artar jamsides eksotiske artar. Omfattande veganlegg er fleire stader imponerande fysiske strukturar. Veganlegga fører til utsynspunkt, rasteplassar, lagshytter, idrettsanlegg og tilrettelagde rekreasjonslokatar. Fløibanen bind landskapet til byen.

Nasjonal interesse

Byfjellene er i nasjonal samanheng eit framståande og i sjeldan grad gjennomført døme på eit bynært rekreasjonslandskap som sprang ut av nasjonalromantiske førestillingar og visjonar om folkehelse, som vaks seg sterke mot slutten av 1800-talet. Fløibanen og Fløien Folkerestaurant er tidstypiske element som er sjeldne i nasjonal samanheng. Omforminga av landskapet til rekreasjonslandskap er sjeldant omfattande, tidstypisk og historieforteljande i nasjonal samanheng. Byfjellene har stor opplevings- og bruksverdi.


Sårbarheit og retningsliner for forvalting

Landskapet toler marerielle utskiftingar og endringar i detaljar, men er sårbart for større endringar i veganlegga. Det er sårbart for strukturelle endringar og treng aktiv skjøtsel. Landskapet bør ikkje fragmenterast av bruk som ikkje er retta mot allmenne rekreasjonsføremål.

Størsteparten av landskapet Byfjellene er avsett til *Landbruks-, natur- og friluftsområde* og til *Grønstruktur* i arealdelen til kommuneplanen.

Skansemyren er regulert til idrettsanlegg, og andre deler ned mot bysentrum er regulert til sentrumsområde og boligbebyggelse. Her er eldre, ferdig utbygde villastrøk med store hagar, omkransa av grøne anlegg. Dette er ein situasjon som truleg ikkje vil endrast særleg.

Det meste av dei høgtliggjande delane av Byfjellene er i dag godt forvalta gjennom Bergen kommune sine Forvaltningsplanar for Byfjellene. Landskapet Fjellsiden vert forvalta gjennom kommunedelplanen Fjellsiden Sør som er godt tilpassa forvalting av dette kulturlandskapet.



Eit omfattande system av oppmurte vegar og utsiktspunkt er sentrale i dette anlegget. Her ser vi Fløibanen klatre mot toppen gjennom ein variert vegetasjon mot toppen.
Foto: Gerben Jacobs (CC BY), via Wikimedia Commons.



Byfjellene

Avgrensing av området

A horizontal scale bar with tick marks at 0, 0,5, 1, and 1,5 Kilometer. The first segment from 0 to 0,5 is black, the second from 0,5 to 1 is white, and the third from 1 to 1,5 is black. The word "Kilometer" is written below the scale.



FITJARØYANE

Lynghelandskap, maktsete og handel i leia

Plassering

Fitjar og Bømlo kommunar.

Areal: 93 km²

Området ligg i landskapsregion 20) Kystbygdene på Vestlandet.

Skildring

Landskapet ligg nordvest for Stord, med Selbjørnsfjorden i nord, Midtfjellet i aust, Stokksundet i sør og ope hav i vest. Sjøen er golvet i landskapsrommet og det som bind landskapet saman, og leia her tek ein forbi Stord og dei mange Fitjarøyane. På Stord og på Fitjarøyane er det gode hamner med strategisk plassering. Øyane er låge og lyngkledde, og dei har rikt tilfang av kulturminne med stor tidsdjupne som vitnar om den rike kulturhistoria i områda her ved leia. Her er småbruk, torvmyrar, ventestader, naustmiljø og privilegerte handelsstader. Staden Fitjar aust om leia har store, dyrkbare område og god tilgang til vatn. Saman med den strategiske posisjonen ved leia gav dette grunnlag for at eit maktsete kunne vekse fram.

Busetnad i området tok til i steinalderen, ved dei mange matrike straumane mellom Fitjarøyane. I bronsealderen busette folk seg lenger aust, dei første gardane der låg i

skråningane frå Fitjar sentrum til Rimbareid i sør. Rike funn og storslagne gravrøyser som flankerar leia forbi staden Fitjar, vitner om at der truleg var gardar med stormenn alt i bronsealderen. Busetjinga på Fitjarøyane har i lang tid hatt kombinert næringsgrunnlag av fiske og jordbruk. Lyngbrenning gav beite for utegangarsau og torvuttak i myrane gav brensel. På øyer og holmar, ved viker og sund, ligg små bruk ikkje langt frå naust og kai. Landskapet på Fitjarøyane er i dag sterkt prega av denne driftsmåten, og Fitjarøyane er eit av 23 nasjonale referanseområder for lynghelandskap.

Skipsleia deler seg i tre i Fitjarøyane: den ytre leia, Nye-leia og Engesundleia. Langs desse ferdselsårene ligg gamle handels-, gjestgjevar- og ventestader. På Gisøya ligg handels- og gjestgjevarstaden Brandasund frå 1600-talet. Fiskehandelen her ved det rike fiskefeltet går truleg langt tilbake i tid. Ein av dei store marknadsplassane i Hordaland i mellomalderen har truleg lege på Selsøya ved Brandasundet, og stadnamnet Torgjo fortel om ein stad der varer vart selde. Bøndene frå fjellbygdene og indre fjordbygder selde tømmer, huder og skinn, haukar og falkar i byte for fisk, salt og varer frå andre land. Staden var kjent for Hansaskip på veg til Bergen, og er teikna inn på eit hollandsk kart frå 1624. Brandasund blomstra i det store sildefisket på 1700- og 1800-talet. Engesund ligg ved Engesundsleia og var kjend som tingstad i 1650. Den er eit av dei fyrste kremmarseta utanfor Bergen.



Utsyn over Fitjarøyane. Mellom øyane i Fitjar er det små landskapsrom med stadvise sjøbruk og eit snaubeita jordbrukslandskap etter utgangarsauen.
Foto: Atle Omland, Riksantikvaren.

Landskapskarakter

Leia bind kystlandskapet saman. Her er gode hamner med strategisk plassering, og Fitjarøyane ligg inntil Fitjar som har store dyrkbare område og god tilgang til vatn. Rike funn og storlagne gravrøyser ved leia forbi Fitjar vitnar om at garden har vore sete for mektige ætter sidan bronsealderen. Dei talrike, låge Fitjarøyane ligg i leia som ein skjerm om staden Fitjar. Fitjarøyane er sterkt prega av småbruk og lyngheilandskap. Tre skipsleier fører gjennom øyriket i Fitjar. Langs desse ferdselsårene ligg privilegerte handels- og gjestgjevarstader med stor tidsdjupne, som Brandasund og Engesund.

Nasjonal interesse


Lyngheilandskapet knytt til småbruka på Fitjarøyane er framståande i nasjonal samanheng og har stor visuell styrke. Handelstadane i Brandasund og Engesund ved leia har stor tidsdjupne. Gravrøysene langs leia vitnar om at Fitjar ein gong var eit maktsete.

Sårbarheit og retningsliner for forvalting

Landskapet er sårbart for tett utbygging og oppføring av store bygningsstrukturar nær gravhaugane som viser veg mot Fitjar. Fitjarøyane er sårbare for gjengroing av lyngheilandskapet, og for nye bygningsstrukturar på visuelt framståande stader i landskapet både på land og sjø. Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med generelle føresegner og retningsliner som formulerer målsetninga for forvaltinga av området, og rammer for bruken av det.



Engesund er ein av fleire handels- og gjestgjevarstader. Tre ulike skipsleier fører trafikken til sjøs gjennom Fitjarøyane. Foto: Ann Steindal, Hordaland fylkeskommune.



SØRE BØMLO – HESPRIHOLMEN

Steinalderlandskap med grønsteinproduksjon

Plassering

Bømlo kommune.

Areal: 38 km²

Området ligg i landskapsregionane 20) Kystbygdene på Vestlandet og 21) Ytre fjordbygder på Vestlandet.

Skildring

Innafor holmane i havgapet ligg lune viker og vågar med gode hamner mellom skrinne bergknattar på Søre Bømlo. Her kjem ein tett på steinalderlandskapet. I steinalderen gjorde eit høgre havnivå desse vikane og vågane til smale sund og låge eid. Desse passasjane gav gode landingstilhøve for lasta med grønstein, som i store kvanta vart henta ut frå Steinbrotet på Hespriholmen. Mange tusen år med uttak av stein, produksjon av steinøkser og vidare utskiping av grønstein til store delar av Vestlandet i steinalderen har sett rike spor etter buplassar og verstadområde langs desse sunna. Lokalitetten Sokkamyro i Langevåg er den fremste eksponenten for desse kulturminna, men den høge aktiviteten knytt til førekomensten av grønstein pregar mest kvar ei vik i dette landskapet. Frå Vika i nord til utmarka sør for Langevåg ligg steinalderbuplassane som eit belte frå holmane ved ytterkysten til innsida av Søre Bømlo. Det som var passasjar og verstadområde i steinalderen, er no der den dyrka marka, småbruka og hamnene ligg.



Steinbrotet på Hespriholmen er tydeleg i berget, etter uttak av grønstein i fleire tusen år for eksport til store deler av Vestlandet. Broten grønstein finst i store mengder på holmen og ligg som ei ur under sjølinja ved brotet. Foto: Ann Steindal, Hordaland fylkeskommune.

I havet vest av Bømlo ligg gjestgjevarstaden Espenvær, som etterkvart vart ein viktig stad i det sørlege sildefisket på 1800-talet. Saltebuene sto tett på land, og folketalet kunne vere fleire tusen i sesongen. Kjøpmenn kom hit frå Bergen, Stavanger, Holland og dei britiske øyane for å kjøpe hummar og sild. Hummerparken i Espenvær er eit særmerkt anlegg som syner denne historia. Søre Bømlo har hatt sjøvendt, eksportbasert næring som viktigaste leveveg frå steinalderen og heilt fram til vår tid.

Landskapskarakter

Innafor holmane i havgapet ligg lune viker og vågar med gode hamner mellom skrinne bergknattar. I steinalderen gav dette gode landingstilhøve for laster med grønstein, som i store kvanta blei tatt ut frå Steinbrotet på Hespriholmen. Mange tusen år med brotverksemeld, produksjon av steinøkser og utskiping av grønstein til store delar av Vestlandet har sett rike spor etter buplassar og verstadområde langs desse sunna. I havet vest av Bømlo ligg gjestgjevarstaden Espenvær, som var ein strategisk stad i det sørlege sildefisket på 1800-talet, og med ein særmerkt hummarpark.

Nasjonal interesse

Søre Bømlo er eit område som i nasjonal samanheng er særskilt rikt på lokalitetar frå steinalderen knytt til grønsteinsproduksjon i eit omfang ein kan omtale som industrielt. Funna har stor tidsdjupne og høg kunnskapsverdi og pedagogisk verdi. Steinbrotet på Hespriholmen er det største i landet frå steinalderen og saman med lokalitetane på Bømlo kjem eit heilskapleg samfunn knytt til grønsteinsutvinninga til syne som er eineståande i nasjonal samanheng.

Sårbarheit og retningsliner for forvalting

Området er sårbart for utfylling av og bygging i dei lågtliggjande draga i landskapet.

Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast oversynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med generelle føresegner og retningsliner som formulerer målsetninga for forvaltinga av området, og rammer for bruken av det. I Langevåg sentrum bør reguleringssplan sikre dei nasjonalt verdifulle kulturminna. Hummeparken er freda etter kulturminnelova §§ 15 og 19.



Vest for Langevåg var det talrike buplassar nært til vikene der steinaldermenneska tok grønsteinen i land og tilverka økser.
Foto: Elizabeth Warren, Hordaland fylkeskommune.



Søre Bømlo - Hespriholmen

Avgrensing av området

0 1 2 3 Kilometer



ETNE

Rikt jordbrukslandskap med lang historie

Plassering

Etne kommune.

Areal: 18 km²

Området ligg i landskapsregion 22) Midtre bygder på Vestlandet.

Skildring

Inst i botnen av Etnefjorden ligg bygda Etne, med dei markerte terrassane på Grindheim og Stødle. Jordbrukslandskapet er ramma inn av fruktbare lier opp mot fjella, desse er brotne opp i aust av dalføra Stordalen og Litledalen. Landskapsrommet er vidt og har ei nesten sirkulær form. Etne er ei av dei mest fruktbare bygdene på Vestlandet, bygda har husa landbruk i fleire tusen år og er særskilt rik på kulturminne. Landskapet er framleis i aktiv drift både til landbruk, som lakseelv og grusressurs i terrassane. Landskapet er særskilt historieforteljande og gjev ei sterkt oppleving av lang tids kontinuitet og tidsdjupne.

I åssidene og på terrassane ligg det bergkunst med jordbruksristningane. Her er og ei stor mengd gravminne, som pregar landskapet. Rike spor etter forhistorisk busetnad er å finne både i åssidene og på terrassane, og dei ligg særskilt nede på elvesletta. Bygdeborger ligg på markante høgdedrag i kvar ende av bygda og gjev eit omsluttande

inntrykk av landskapet som ein historisk viktig stad. På Stødle låg garden til Erling Skakke, og han fekk truleg bygd mellomalderkyrkja i Stein som ligg der i dag. Etne var eit maktsentrumsområde som spelte ei aktiv rolle i nasjonsdanninga i mellomalderen.

Landskapskarakter

Landskapet utgjer eit vidt, sirkulært landskapsrom der Etneelva renn ut. Jordbrukslandskapet ligg på elvesletta og på terrassane Grindheim og Stødle, og jamnt stigande åssider femner om landskapsrommet. Den fruktbare bygda Etne er særskilt rik på kulturminne som syner korleis menneska gjennom historia har utnyttet dette grøderike området og endra det til dagens vidstrakte dyrkingsflater. På terrassane og i åssidene finst svært rike funn av bergkunst og gravhaugar. Det er forsvarsanlegg frå eldre jernalder i kvar ende av bygda. Trass i endringar i nyare tid er bruken av landskapet gjennom historia i høg grad leseleg.

Nasjonal interesse

Landskapet er inntrykkssterkt og har kulturminne knytt til jordbruk som vitnar om stor tidsdjupne og kontinuitet. Landskapet har stor mengde og konsentrasjon av bergkunst, busetnadspor og gravminne som er høg i nasjonal samanheng og på framstående vis er leseleg i landskapet. Landskapet er i nasjonal samanheng særleg historieforteljande.



I det skålforma landskapet i Etne ligg dei vide og fruktbare terrassane Stødle og Grindheim, eit jordbrukslandskap med lang kontinuitet.
Foto: Signe Nygaard, Hordaland fylkeskommune.

Sårbarheit og retningsliner for forvalting

Landskapet er sårbart for masseuttak og for nybygging som gjer at terrassane i mindre grad framstår som i dag. Åssidene er sårbare for store bygg og inngrep som kan truge leselegheita til den historiske jordbruksbygda. Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast om-

synssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med generell føresegner og retningsliner som formulerer målsetjinga for forvaltinga av området, og rammer for bruken av det. I den vidare utviklinga av Etne sentrum bør ein ta omsyn til dei kulturhistoriske verdiane m.a. med gode langsiktige grenser mellom byggeområde og jordbruksareal.



Landskapet er rikt på bergkunst og gravminner som trer tydeleg fram på dei rydda terrasseflatene. Her frå Stødleterrassen. Foto: Atle Omland, Riksantikvaren.



Etne

Avgrensing av området

0 1 2 3 Kilometer



ROSENDAL

Møtestad og baroni i rikt jordbrukslandskap med alpine omgjevnader

Plassering

Kvinnherad kommune.

Areal: 32 km²

Området ligg i landskapsregion 22) Midtre bygder på Vestlandet.

Skildring

Den sentrale delen av bygda Rosendal ligg på moreneterrasser ned mot Hardangerfjorden. Eit særmerke ved området er dei alpine kystfjella kring bygda. Hattebergelva og Melselva kjem ned dalføra mellom fjella, gjennom terrassane i bygda, og renn saman og gjennom tettstaden Skålafjøra. Landskapet har bydd på gode vilkår for busetnad, og her er store jordbruksareal på ein vid strandbrem, men det er også mykje prega av ras i frå fjella rundt. Utmarksressursane i Skåladalens, Melsdalen med Myrdal og Muradalen har vorte nytta fram til nyare tid. Stølsdrifta heilt opp til Øvre Myrdal under dei alpine fjella sør og aust syner eit omfattande system tilpassa krevjande omgjevnader. Naustrekkja ved Myrdalsvatnet fortel også om eit verdfullt fiske.

Dei kulturhistoriske elementa i landskapet byrjar alt i steinalderen med sine fangstbuplassar. Området fra Seimsfoss til Løfallstrand har buplassar like så gamle som



Rosendal har gode naturlege føresetnader for busetnad og har rike utmarksbeite og stølsområde. Hattebergfossen er eit viktig landskapselement i området rundt Baroniet.
Foto: May-Britt Håbjørg, Riksantikvaren.

i ytre strøk. Garden Skåla sentralt i bygda har spor etter meir eller mindre fast busetnad frå alle fasar gjennom forhistoria. Det er dei solvarme sørvestvendte liene som har vore attraktive i all tid.

Dei arkeologiske spora spenner vidt og viser ei markert auke i bronse- og jernalder og inn i mellomalderen. Her er rike grav- og skattefunn, og fleire langskipstufter i bygdene kring Rosendal vitnar om organisert makt her alt i eldre jernalder. Den største gravhaugen på Folgefonnhalvøya låg på Skåla og var 28 meter i tverrmål. Av i alt sju tufter etter langskipnaust ligg framleis tufta i Skipadalen godt synleg i terrenget. Rosendal har hatt fleire steinkyrkjer frå mellomalderen, og her er mellomaldergravplass. Kyrkja på Skåla var fjordungskyrkje og ligg på ein framskoten kvelving i landskapet. Kyrkja på garden Mel er knytt til lendmannen Gaut frå Mel i høgmellomalderen.

I Rosendal ligg også Baroniet noko tilbaketrekt frå sjøen på garden Hatteberg. Her står framleis slottet frå 1660-65 med barokke trekk og renessansehagen frå same tid. Baroniet fekk namnet Rosendal i 1678, eit namn som i nyare tid kom til å verte brukt om heile bygda. Baroniet er det einaste i Noreg. Parken vart utvida i 1870-75 med ein landskapshage i romantisk stil. I eit slåande samspel med nærområda når hagekunsten i Noreg her eit av sine høgste uttrykk, og landskapshagen er halden fram som eit sentralt verk i romantikkens kunst i Norge. Her er også

ein viktig avlsgard som var med å fornya jordbruket på Vestlandet. Så langt fram som i 1929 var Baroniet eit av dei største leiglendingsgodsa i Noreg, oppført med 546 bruk. Landskapet er svært inntrykkssterkt.

I nyare tid flytta tyngdepunktet i bygda seg ned mot sjøen. Her stod oppgangssag og verft. På 1800-talet vart Skålafjøro i Rosendal kjend for bygging av hurtiggåande jekter, ein av desse er Roald Amundsen sitt skip «Gjøa».

Landskapskarakter

Rosendal ligg i eit skålforma landskap ved Hardangerfjorden, med alpine fjell som ein krans i sør og aust. Dei sørvestvende bakkane er jordbruksareal med stor tidsdjupne. Rosendal er ei fruktbar bygd med store ressursar i inn- og utmark. Gravminna frå jern- og bronsealder, tuftene etter langskipsnau, og steinkyrkja frå mellomalderen, viser at Skåla lenge har vore ein naturleg møtestad i denne del av fjorden. Det tilbaketrekte baroniet, med høge fjell og gardar rundt seg, er eit sjeldant landskap. Her kan ein oppleve det vesle slottet med hageanlegget og landskapet rundt som ein heilskap.

Nasjonal interesse

Rosendal er ein naturleg og historisk viktig møtestad med stor tidsdjupne og høg historieforteljande verdi. Ei rekkje kulturminne av nasjonal verdi vitnar om dette, som mellomalderkyrkja på Skåla, tuftene etter langskip-

nausta og mellomaldergravplassen. Baroniet Rosendal er eineståande i nasjonal samanheng, og spelar opp mot landskapsrommet utanfor anlegget i ei heilsakleg oppleving. Det freda anlegget har høg arkitektonisk verdi, og den freda landskapsparken er halden for å vere eit hovudverk i romantikken sin kunst i Norge. Landskapet i Rosendal har som heilskap sjeldan visuell styrke.

Sårbarheit og retningsliner for forvalting

Landskapet er sårbart for høge eller store strukturar mellom Baroniet og sjøen, omkring Skålakyrkja, i dei nære sjøområda, og for nedbygging og gjengroing av jordbrukslandskap og stølsdalar . Opplevinga av Baroniet er også sårbart for store strukturar i nærområda. Baroniet Rosendal er freda etter kulturminnelova. Fredinga omfattar bygningar, hage-, parkanlegg og jordbrukslandskap på statens eigedom. Fredinga gjeld også eit naust ved sjøen. Muradalen med omgjevande fjell er verna som landskapsvernområde.

Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø og med generelle føresegner og retningsliner som formulerer målsetjinga for forvaltinga av området, og rammer for bruken av det. Reguleringsplanar for tettstaden bør sikre omsynet til landskapsverdiane i tettstadutviklinga.



Baroniet i Rosendal sto ferdig i 1665. Med renessansehage og romantisk landskapspark ligg det i eit historisk jordbrukslandskap omkransa av storlåtte alpine fjell.
Foto: Signe Nygaard, Hordaland fylkeskommune.



Rosendal

Avgrensing av området



0 1 2 3 Kilometer

INDRE SØRFJORDEN

Kraft- og industrilandskap

Plassering

Odda kommune.

Areal: 72 km²

Området ligg i landskapsregiona 15) Lågfjellet i Sør-Norge og 23) Indre bygder på Vestlandet

Skildring

Landskapet der dalen møter fjorden er trøngt mellom høye fjell, der høgtliggende vatnsystem ligg i fjelldalane ovafor. Fjorden er isfri, og elva Opo renn ut i fjordbotnen der strandstaden Odda ligg. Her var ein naturleg ferdselsveg sørover til pilegrimsmålet Røldal. Kyrkjå på Almerket, nede ved fjorden, er frå 1870, men her har vore kyrkje sidan 1250. Ho er eit samlande element i landskapsrommet. Lenger oppe i dalen, aust for elva Opo, ligg nokre få tun som vitnar om det gamle bonde- samfunnet i Odda.

Strandstaden Odda var rundt 1900 det mest vitja turistmålet i landet. Reisemåla var dei mektige fjella og fossane, som Tyssestrengane og turen til Dalen i Telemark. Av denne travle strandstaden er eit koncentrert bygningsmiljø att ved Brotateigen og traséen til ferdselsvegen til Røldal.

Tidleg på 1900-talet var kraftpotensialet i fjellet og den isfrie hamna perfekte vilkår for bygging av eit heilt industrialsamfunn i fjordbotnen. Oppdemming av Tyssovassdraget og kraftstasjonane i Tyssedal gav straum til kraftintensiv industri i Tyssedal og Odda og seinare på Eitrheimsneset. Gjennom store og integrerte strukturar har industrien lagt beslag på mykje av dei sentrale areala i Odda og Tyssedal. Kring industrianleggja er det bygd heile samfunn. Fleire element i industrialsamfunna Odda og Tyssedal har nasjonal og internasjonal kulturminneverdi, og høg arkitektonisk verdi. Tveitahaugen i Tyssedal er eit tidlig døme på ein hageby i Noreg. Ringedalsdammen, Tyssedal kraftstasjon og Odda Smelteverk er freda.

Industrialsamfunna i Odda og Tyssedal dominerer det heilskaplege inntrykket av det lågareliggende landskapet. Sjølv om industrialsamfunna er nært knytt til naturen og naturressursane i landskapet, er industrilandskapet eit markant element innskote mellom fjorden og dei urørte øvre delane av landskapet der høge fjellsider strekkjer seg mot himmelen. Dei store industrialsamfunna her er mellom dei landskapa i landet som er sterkest prega av den andre industrialiseringa.



Ringedalsdammen var mellom dei største gravitasjonsdammane i verda då den sto ferdig i 1918. Den held vassmagasinet som gjev kraft til industrialsamfunnet ved fjorden.
Foto: David Aasen Sandved, Hordaland fylkeskommune.

Landskapskarakter

Landskapet der dalen møter fjorden er trøngt med høge fjell, og med høgtliggjande vatnsystem som renn ut i hengedalen Tyssedal. Strandstaden Odda ligg ved utløpet av elva Opo i den isfrie fjordbotnen. Kyrkja på Almerket er eit fokuspunkt, men industrisamfunna i Odda, Tyssedal og på Eitreimsneset dominerer det heilskaplege inntrykket av det lågareliggjande landskapet, med store industristrukturar og samanhengande elektrisitetsforsyningssanlegg frå dei oppdemde fjellvatna til industrien ved fjorden. Samstundes som industrisamfunna er nært knytt til naturen og naturressursane i landskapet, er industrilandskapet eit markant menneskapt element innskote mellom fjorden og dei øvre delane av landskapet der høge fjellsider strekkjer seg mot himmelen.

Nasjonal interesse

Indre Sørfjorden er i nasjonal samanheng eit framstårande døme på eit heilskapleg industrilandskap med tilhørende vasskraftlandskap som vart etablert i den andre industrialiseringa. Enkelte industriminne i dette landskapet er eineståande i nasjonal og internasjonal samanheng og difor freda. Industrilandskapet er konsentrert og heilskapleg.

Indre Sørfjorden har høg kunnskapsverdi, høg oppleivingsverdi og høg bruksverdi.

Sårbarheit og retningsliner for forvalting


Historia i landskapet er lett å lese, og landskapet toler ikkje store strukturelle endringar i tettstadane, t.d. oppføring av store strukturar i den viktige siktlinia frå sjøen. Elles er dagens landskapskarakter ganske robust.

Odda Smelteverk og Tyssedal kraftstasjon er freda etter kulturminnelova, medan Tveitahaugen er regulert til omsynssone bevaring. Odda er oppført i NB!-registeret, Riksantikvaren sitt register over byar og tettstader med kulturmiljø som har nasjonal interesse.

Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med generelle føresegner og retningsliner som formulerer målsetjinga for forvaltinga av området, og rammer for bruken av det. Reguleringsplan bør sikre landskapsverdiane i tettstadutviklinga.



Odda var mellom dei viktigaste turistmåla i landet då Smelteverket i Odda opna i 1908. Sidan vaks ein heil by opp omkring den nye industrien.
Foto: Ole Vegard Skauge, Hordaland fylkeskommune.



Indre Sørkjosen

Avgrensning av området

0 2 4 6 Kilometer



YTRE SØRFJORDEN

Fruktdyrkingslandskap

Plassering

Ullensvang herad.

Areal: 147 km²

Området ligg i landskapsregionane 15) Lågfjellet i Sør-Norge og 23) Indre bygder på Vestlandet.

Skildring

Ytre Sørfjorden er eit rett fjordløp i Hardanger med lier som stig jamnt frå sjøen til fjellet. I aust ligg Hardanger-vidda, i vest ligg Folgefonna og lågfjellet mellom Sørfjorden og Jondal. Det går ferdselsvegar frå fleire stader ved sjøen, vestover fjellet til Jondal og inn på Hardangervidda i aust.

Gardseigedomane går frå fjord til fjell. Nedst ved fjorden ligg stø, naust og gjerne kai, i den best tempererte sonen ligg det frukthagar, andre stader er det børar. Arealet med frukttrær er svært stort i norsk samanheng, der det ligg som eit mest samanhengande belte på begge sider av fjorden. Mange gardstun ligg ved vegen, og enkelte stader ligg det eit øvre tun høgre opp i lia. Eit tydeleg trekk ved byggeskikken langs etter fjorden er dei høgreiste laftehusa i sveitserstil med vide skifertak. Høgt opp i liene ligg

det vårstølar, og på randen av liene har mange eldre bruk eggstølar (langstølar). Yngre bruk har gjerne partar i steinbuer til jakt, fangst og støling inne på vidda. Det går vegar og sleper til fjells og bind saman desse mangesyslar-bruka.

Det freda klyngetunet Agatunet var eit gammalt høvdingsete, og gravhaugar tyder på svært tidleg busetnad. Tunet ligg trygt for ras under Tveitaberget. Garden var av dei største i Hardanger i mellomalderen og har vore knytt til fleire vestlandske adelsætter. Her ligg Lagmannsstova frå om lag 1220-1230.

Det har i lang tid vore høvdingætter og storslektar knytt til landskapet, og jordbruksoppdraget har stor tidsdypne. Det har også vore jakt og fiske i fjellet og handel med bygdene aust om vidda. Innføringa av fruktdyrking på 1100-talet er ein viktig kulturhistorisk faktor som har påverka landskapskarakteren. Det skal være Cisterciensarmunkar frå Lysekloster som førte fruktdyrkinga til Hardanger, og på Opedal ligg Munkagard. Her skal ein avlsgard ha lege, og i fjellet ovafor heiter det Munkatreppane. Fruktdyrkinga skaut fart på 1800-talet, då dampen knytte gardane nærmare marknaden i Bergen.



Sørfjorden ligg i le bak Folgefonnahalvøya, og her på Lofthus og Ullensvang er det gode vilkår for fruktdyrking. Cisterciensarmunkar frå Lysekloster bygde mønsterbruk på Munkagard, oppve til venstre i bildet, og skal ha introdusert fruktdyrkinga i Hardanger i høgmellomalderen. Foto: Hotel Ullensvang/Niels Johansen.

Ved strandstaden Lofthus er ein freda sorenskrivargard, kyrkje frå 1250-1300 og ein vidkjend prestegard der tilreisande kunstnarar kom for å oppleve og måle naturen og folka som budde der. Lofthus er visuelt samlande i landskapet i Ytre Sørfjorden. Gjennom leveviset, sentrale nasjonalromantiske kunstverk og sterke kunsthandverkstradisjonar har landskapet ein sterk posisjon.

Landskapskarakter

Landskapet er eit rett fjordløp med jamnt stigande lier til fjella på begge sider. Bakom dei ligg vidde og lågfjell med stolar og ferdssvegar. Langs begge sider av fjorden ligg eit mest samanhengande belte av gardar med ein tradisjonell byggeskikk som gjev landskapet samanheng. Særleg karakteristisk er beltet av frukttrær på kvar side av fjorden. Strandstaden Lofthus er markant tilstades og gjev variasjon til landskapet. Landskapet er mellom dei mest sentrale motiva i norsk nasjonalromantisk kunst.

Nasjonal interesse

Frukttdyrkingslandskapet i Ytre Sørfjorden er det mest framstående landskapet av denne typen i landet. Det har stor utstrekning, einskap og visuell styrke. Det har tidsdjupne, kontinuitet og bruksverdi, og det er ein del av dei heilskaplege mangesyslarbruka som nyttar ressursar langs Hardangerfjorden frå fjord til fjell. Kulturminna på Lofthus, klyngetunet på Aga og ferdssvegane til fjellet er framstående i nasjonal samanheng. Landskapet har stor opplevingsverdi.


Sårbarheit og retningsliner for forvalting

Landskapet er sårbart for store vegstrukturar, kraftlinjer, store endringar av gardstuna, masseuttak og industri e.l. Framhald av frukttdyrkinga er viktig for å oppretthalde landskapet sin karakter.

Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med generell føresegner og retningsliner som formulerer målsetjinga for forvaltinga av området, og rammer for bruken av det.



På vestsida av Sørfjorden finn vi Agatunet, eit klyngetun med framleis rundt 30 ståande hus. Den eldste er Lagmannstova, ei røykstove frå mellomalderen.
Foto: Ragnhild Hoel, Riksantikvaren.



Ytre Sørfjorden

Avgrensing av området

0 2 4 6 Kilometer



EIDFJORD

Jernvinneanlegg og gravminne. Ferdsselsvegar mellom aust og vest

Plassering

Eid fjord kommune.

Areal: 55,4 km²

Området ligg i landskapsregion 23) Indre bygder på Vestlandet

Skildring

Bygdene i Eid fjord er fjordmøtet på vegen mellom aust og vest. Landskapet i Nedre Eid fjord er prega av dei to grusterrassane Lægreid og Hæreid. Landet heva seg då isen trekte seg tilbake, og eit eid løfta seg mellom fjorden og vatnet, difor stadnamnet Eid fjord. Elva Eio delte eidet i to, eit høgtliggjande og eit lågtliggjande – Hæreid og Lægreid. Dei to grusterrassane isen la att ligg i relief mot steile fjellsider som fører landskapet vidare opp mot bygda Øvre Eid fjord. Herfrå går gamle vegar opp Måbødal og Hjølmodalen til store og viktige ressursar i fjellet og vidare til Austlandet.

Tilgang til dei rike og varierte ressursane i fjellet har vore viktig for folk på Vestlandet heilt sidan steinalderen, noko samanhengen mellom fangstbuplassar i fjellet og steinalderfunn langs den fortidige strandsona ved fjorden viser.



Oppå Hæreidterrassen finst nærmere 400 gravhaugar frå jernalderen. Foto Atle Omland, Riksantikvaren.

Talrike forhistoriske spor etter jernutvinning i fjelldalane kan etter alt å døme knytast til ei jernalderbusetting i Eid fjord med ein sentral posisjon i Hardanger. Rike gravminne både i Øvre Eid fjord og på terrassane ved fjorden ber bod om dette, der gravfelta på Hæreidterrassen står i ei særstilling i Noreg, med hundrevis av gravrøyser frå eldre- og yngre jernalder. Jernvinneanlegga frå jernalderen på Fet i Sysendalen og ved vassdraga Berdølo og Veig er framståande i nasjonal samanheng. Jernvinneanlegga ligg i dalføra ned frå høgfjellet, der det har vore tilgang til myrmalm, brensel og arbeidskraft. Det er gravhaugar i området ved jernvinneanlegga.

Framover i tid har Eid fjord vore ein sentral stad i indre Hardanger. Bygda var ein innfallsport til Hardanger. Leidangsnaustet for Eid fjord skipreide har truleg stått i Vikøyra, og mellomalderkyrkja på Lægreidterrassen er frå tidleg 1300-tal.

Vidare fram i tid har buføring til fjellstølar og handel og ferdssel over vidda dannar og forsterka definerte far i landskapet. I Måbødal og Hjølmodalen ligg gardar og tun med stor tidsdjupne langs dei gamle ferdsselsårene og kløvstigane.

Turistane fann på 1800-talet vegen til den inntrykkssterke Måbødalen, der Vøringsfossen var og er ein attraksjon. Fossli Hotel vart reist i 1891 der fossen fell i juvet. Det er utvida fleire gonger og har høg arkitektonisk og kulturhistorisk verdi. Eit imponerande veganlegg vart bygd opp til hotellet, og vart etterkvart ein hovudveg mellom aust og vest.

Landskapskarakter

I Eid fjord møter ein fjorden på vegen mellom aust og vest. Landskapet er prega av dei to terrassane på Lægreid og Hæreid. Steile fjellsider fører opp mot bygda Øvre Eid fjord, og vidare inn Måbødalen og Hjølmodalen. Dalføra bind saman fjellområda på vestvinda med busetnaden inst i Hardanger. Talrike forhistoriske spor etter jernutvinning i fjelldalane kan etter alt å døme knytast til jernalderbuseting i Eid fjord. Det er rike gravminne både i Øvre Eid fjord og på terrassane ved fjorden. Gravfeltet på Hæreidterrassen står i ei særstilling i Noreg, med hundrevis av gravrøyser fra eldre- og yngre jernalder. Buføring til fjellstolar, og handel og ferdsel over vidda, har gjeve definerte far i landskapet. Med utsikt til den inntrykkssterke Måbødalen vart Fossli Hotel reist i 1891 der Vøringsfossen fell i juvet, og ein hovudveg mellom aust og vest vart så ført forbi her.

Nasjonal interesse

Det inntrykkssterke landskapet og kulturminna i det fortel på ein framståande måte om samspelet mellom busette i dalbotnen og ved fjorden og ressursar på vidda. Gravfeltet på Hæreidterrassen står i ei særstilling i Noreg, med ein eineståande konsentrasjon gravrøyser fra eldre og yngre jernalder. Jernvinneanlegga i fjelldalane er framstående i nasjonal samanheng. Som knutepunkt for ferdselet mellom aust og vest har Eid fjord stor kontinuitet og tidsdjupne.


Sårbarheit og retningsliner for forvalting

Landskapet er sårbart for inngrep i terrassane, nedbygging av terrassane og høge bygningar i siktlinia til terrassane. Veigdalen og Berastøldalen er sårbare for kraftutbygging, større infrastrukturtiltak og hyttefelt.

Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med generelle føresegner og retningsliner som formulerer målsetjinga for forvaltinga av området og rammer for bruken av det.



Garden Hjølmo i Hjølmodalen. Her går ei sentral ferdelsrute opp frå Hardangerfjorden til Hardangervidda. Foto: Atle Omland, Riksantikvaren.



Eidfjord

Avgrensing av området

0 1 2 3
Kilometer





Besøksadresse: Dronningens gate 13, 0152 Oslo

Postadresse: Riksantikvaren, Direktoratet for kulturminneforvaltning, Postboks 8196 Dep. N-0034 Oslo

Telefon: (+47) 22 94 04 00. E-post: postmottak@ra.no